

GISKE UNGDOMSSKULE



Til elever og føresette!

Vi ønsker alle velkomne til skuleåret 2023/2024!

Vi vil utvikle gode sosiale- og faglege miljø der elevane lærer å meistre liva sine. Dette kjem fram gjennom skulen sin visjon og plattforma han står på:

VISJON

SAMAN INN I FRAMTIDA

Pedagogisk plattform

G - god nok

I - inkluderande

S - skapande

K - kreativ

E - engasjerande



SAMAN INN I FRAMTIDA

Betyr:

At vi skal skape eit fellesskap der alle høyrer til, og gi kvarandre verktøy til å handtere livet; no og i framtida.

GOD NOK

Betyr:

At vi skal skal kjenne til våre styrker og utfordringar, og setje oss realistiske mål slik vi når utviklingspotensialet vårt.

At å gjere vårt beste er godt nok, og at verdiane våre ikkje blir målt i karakterar.

INKLUDERANDE

Betyr:

At vi skal skape ei kjensle av å høyre til, fagleg og sosialt.

SKAPANDE:

Betyr:

At vi er aktive i praktiske- og kreative prosessar der vi får fram nye idear gjennom varierende oppgåver og metodar.

KREATIV

Betyr:

At vi kan tenkje utanfor boksa og har evne til å løyse utfordringar på vår eigen måte.

ENGASJERANDE

Betyr:

At vi skal gjere det kjekt å lære og kjekt å undervise gjennom varierte og utforskande metodar.

Vi ønsker elever og foreldre lukke til med skuleåret!

Praktiske opplysningar

Organisering av elevane - kontaktlærarar

Giske ungdomsskule har ved skulestart 352 elevar, fordelt på 14 klasser.

Klasse	Elevtal	Kontaktlærarar
8a	21	Jan Erik Langerud Randi Birgitte Kleivan
8b	23	Maria Therese Alnes Vågen Amalie Aarseth
8c	24	Håkon Høybakk Norunn Røsvik
8d	22	Eilin G. Rasmussen Natalie Synnes
8e	24	Amund Hjelle Trude Nordstrand
9a	28	Arild Nedregotten Britt Aina Kleivan Roald
9b	27	Eva Anita Stubmo Martine Hurlen
9c	26	Oskar Telvik Katrine Briksdal
9d	26	Hege K. Klungsøyr Sølvi S. Bringsli
9e	26	Jan Ove Lange Cathrin Valderhaug
10a	27	Odd Kåre Naalsund Evy Godø Sandanger
10b	25	Jens Giskeødegård Andrine V. Johansen
10c	30	Simon Åkre Sissel B. Thomassen
10d	23	Arild Årseth Miriam Mulelid

Organisering av skuledagen

Dagen er dette skuleåret organisert i fem timar a'45 min + ein time 60 minutt.

Ringetid	Time
08.10 - 09.10	1. time, 60 minutt
09.10 - 09.20	10 minutt friminutt
09.20 -10.05	2. time, 45 minutt
10.05.-10.15	10 min friminutt
10.15 -11.00	3. time, 45minutt
11.00 -11.30	30 minutt friminutt (matfri).
11.30 - 12.15	4. time, 45 minutt
12.15-12.25	10 minutt friminutt
12.25 – 13.10	5. time, 60 minutt
13.10-13.20	10 min friminutt
13.20-14.05	6.time, 45 minutt

Bussane går frå skulen ca. 14.10

Kantine

Til vanleg sel vi ulike mjølkeprodukt; sjokolade- og jordbærmjøl, ulike typar yoghurt, milkshake, juice, iste og nudlar/pasta. Det er mogleg å toaste om ein vil det. I Street'n er det montert ein vassautomat med kjøling.

Bringing og henting av elevar

Av omsyn til tryggleiken til elevane, ber vi om at de ikkje køyrer inn på sjølve skuleplassen på sørsida når de bringer og hentar elevar. Busshaldeplassen er den mest veileigna plassen når ein skal setje av elevar.

Låsing av sykklar og mopedar

Dessverre skjer det at elevar tek ulåste sykklar. Ein sykkel må difor låsast. Alle som har med sykkel, skal no parkere han på nedsida av skulen. Mopedar skal stå på tilvist stad aust for skulen. Dette er på eige ansvar.

Reglar om bruk av el-sparkesykkel

Den som bruker sykkel, eller el-sparkesykkel blir rekna som køyrande. Det er difor viktig at elever som sykklar eller bruker el-sparkesykkel kan og forstår trafikkreglane. Ein treng god kompetanse og erfaring før ein el-sparkesykkel kan takast i bruk i trafikken. Her er nokre råd frå skulen (henta frå Trygg Trafikk).

- Elevane er 12 år før dei får bruke el-sparkesykkel til skulen.
- Bruk hjelm.
- Eleven treng opplæring i trafikkreglane. Skulen har sin eigen trafikkopplæringsplan, men føresette må sikre seg at elever som bruker el-sparkesykkel kjenner til reglane før dei tek dei i bruk i trafikken.
- Elevane bør få innsikt i kva konsekvensar det kan få å bruke ein el-sparkesykkel (skade på andre osv.)
- El-sparkesykkel parkerast på tilvist stad og må låsast på eleven sitt eige ansvar.
- Elevane kan ikkje lade sykkelen i skuletida.
- Forbikøyring av andre som sykklar, og går, på skulevegen skal skje i låg fart.

Det er dei føresette sitt ansvar å sørge for at barna kjem seg trygt til skulen. Alle skulebarn er forsikra gjennom skulen sitt forsikringssystem, men ver klar over at uaktsam bruk, eller manglande sikkerheitsutstyr, kan få konsekvens for forsikringa.

Erstatningsplikt

Vi forventar at elevane tek vare på bøker og utstyr dei får utlevert, og elles oppfører seg slik at dei ikkje øydelegg noko. Dersom nokon øydelegg bøker, utstyr eller inventar med vilje eller gjennom uforsiktig framferd, må ein rekne med å erstatte det.

Karakterar

På ungdomsskulen er det karakterar i alle fag bortsett frå elevrådsarbeid og utdanningsval. Karakterskalaen er frå 1 til 6 med 6 som beste karakter. Alle avgangskarakterar tel ved inntak til vidaregåande skule. Dette gjeld også mat og helse i 9.klasse og valfag som vert avslutta underevgs i ungdomsskulen.

Elevane får også karakter i orden og åtfærd;

God – nokså god – lite god.

Elevane får utlevert halvårsvurdering med karakter i januar og juni. Alle fagkarakterar skal setjast med utgangspunkt i måla for faget, utan omsyn til elevane sine føresetnader. Det er klagerett berre på standpunkt- og eksamenskarakterar.

Dersom elevar med IOP har store avvik frå læreplanen, kan foreldra etter drøfting med skulen avgjere at eleven ikkje skal vurderast med karakter i eit eller fleire fag.

Leksehjelp og open skule GUS-klubben (miljøterapeutane)

GUS-klubben har studiehjelp og sosiale tiltak tysdagar og onsdagar rett etter skuleslutt.

Open skule: Rett etter skuleslutt-

Mobilhotell

Alle klasser har «mobilhotell.» Her skal mobilane plasserast i skuletida dersom dei har telefonen med på skulen.

Heim – skule samarbeid

Kontaktlærarane er tilgjengelege på Transpondar meldingsbok. Ikkje nøl med å ta kontakt

Utviklingssamtalane og elevsamtalane vert gjennomført i oktober og februar.

FAU, samarbeidsutvalet og skulemiljøutvalet vert konstituert i løpet av september.

Skulen sine forventingar til heimen

Foreldra si involvering i skulen er svært viktig. Heimen bør ha forventingar til elevane sin arbeidsinnsats og orden/åtfærd. Skulen har arbeidd fram skriftlege forventingar til foreldra.

Skulen har ei forventing om at heimen:

- Bidreg til positive haldningar til skulen og læring.
- Set seg inn i arbeidsplanen og aktivt følgjer opp eleven sitt skulearbeid.
- Set seg inn i skulen sitt ordensreglement og bidreg til at eleven er lojal mot dette.
- Gjennomfører ein samtale om mobbing.
- Gjennomfører ein samtale kring reglar og avtale for lån av iPad og bruken før ein skriv under kontrakta.
- Sørger for at eleven kjem presis til skulen og har med seg nødvendig utstyr for å delta i undervisninga.
- Sørger for at eleven har god døgnrytme og eit sunt kosthald.
- Melder frå til skulen om tilhøve som er viktige for eleven sin skulekvardag; fråvær, mobbing, sjukdom, hendingar og endringar heime.
- Gir melding ved fråvær og deltek på foreldremøte i klassen og utviklingssamtalar for den enkelte elev.

Satsingsområde 23/24

Hovudfokuset er at vi alle - elevar, føresette og skule - **SAMAN** skal skape ein inkluderande praksis. Tøff kjærleik står sentralt der elevane skal møte tydelege, trygge og omsorgsfulle vaksne som samtidig har forventningar til elevane. Elles jobbar vi med å skape variert og god undervisning slik at alle elevar opplever fagleg meistring.

Våre tre satsingsområde:

- Skape ein **inkluderande praksis** der alle føler dei høyrer til fagleg og sosialt.
- Bruke **varierte** undervisnings- og vurderingsmetodar (tverrfagleg arbeid, praktisk læring).
- Skulen som samfunnsbygger (MOT) med fokus på **TØFF KJÆRLEIK**.



Teamorganisering av lærarane

8. klasstrinn Avd.leiar: Solvår Våge Lillestøl

Det er 114 elevar på trinnet ved skulestart. Elevane er delt i fem klassar. Oversikt over desse finn du på side 2.

9. klasstrinn Avd.leiar: Erlend Giskeødegård Holm

Det er 133 elevar på trinnet ved skulestart. Elevane er delt i fem klassar. Oversikt over kontaktlærarane finn du på side 2.

10. klasstrinn Avd.leiar: Sindre Tomren

Det er 105 elevar på trinnet ved skulestart. Elevane er delt i fire klassar. Oversikt over kontaktlærarane finn du på side 2.

Andre tilsette:

Rektor: Britt Leira Heimdal

Assisterande rektor: Reidunn H. Otterdal

Rådgjevar: Leif Arne Hausken

Andre lærarar: Svein-Harald Nordgård, Maria Hauge Blindheim, Ann Cecilie Nordstrand, Catherine Bradley Hessen (spes.ped/sosiallærer), Ina Berglund (spes.ped)

Miljøterapeutar: Therese Stokke, Ingrid Ørskog Sperre

Miljøarbeidar: Jonas Gardien. Kaisa Sandanger

Fagarbeidar: Linda Skjeret Valderhaug.

Assistentar: Jonathan Mulelid,

Helsesjokepleiarar: Sonia R. Urkedal og Ann Elisabeth Roaldsnes

Sekretær: Eline Berg Roaldsnes

MOT: Øyvind Blindheim og Kay Amund Vartdal.

Reinhaldar: Catalina Pasztor.

Rådgjevingsteneste

(I tråd med opplæringslova § 9-2, og forskriftene § 22-1 og 22-2)

Målet med denne tenesta er todelt:

- Den sosialpedagogiske tenesta skal gi elevane råd i sosiale spørsmål
- Rådgjevingstenesta skal gi råd og informasjon om utdannings- og yrkesval.
- Vi har delt rådgjevingstenesta på **rådgjevar og inkluderingsteamet**.

Rådgjevar

Leif Arne Hausken

Inkluderingsteamet:

Rektor, assisterande rektor, miljøterapeut, sosiallærer og helsesjokepleiar.


Leif Arne er ansvarleg for utdannings- og yrkes-rådgjevinga. Dette inneber at han i samarbeid med lærarane legg opp til ei grundig orientering om desse emna. Leif Arne vil stå sentralt i arbeidet med å utvikle det nye faget Utdanningsval. Han vil arbeide særleg aktivt inn mot elevane i 10.klasse for å hjelpe dei i arbeidet med å orientere seg om vegen vidare i livet.

Britt, Reidunn, Therese, Catherine og Sonia i samarbeid med PPT utgjør **inkluderingsteamet**.

Teamet har møte kvar veke.

Hovudoppgåva til inkluderingsteamet er å koordinere og samordne ressursar, slik at sårbare elevar kan få best mogleg hjelp til å føle seg inkludert i skulemiljøet.

Vanlegvis går foreldre si kontakt med skulen gjennom kontaktlærer, men ein kan også ta direkte kontakt med rådgjevingstenesta dersom det er saker ein ønskjer å ta opp/melde frå om.



ORDENSREGLEMENT - GISKE UNGDOMSSKULE

FORMÅL:

Giske ungdomsskule ønskjer å setje fokus på verdiar som:

- Fellesskap
- Samarbeid
- Inkludering

Vi skal gjere kvarandre gode, og alle skal føle tryggleik nok til å vere den dei er. Det gjeld i skuletida, til/frå skulen og på arrangement/turar i skulen sin regi. Ordensreglementet for Giske ungdomsskule må sjåast i samanheng med det kommunale ordensreglementet (<https://www.giske.kommune.no/tenester/skule-og-barnehage/ordensreglement/>) for oppvekst i Giske kommune. Eit ordensreglement er eitt av mange tiltak som skal bidra til eit trygt - og inkluderande - skulemiljø for alle.

ELEVEN SINE RETTAR:

- eit trygt og inkluderande skulemiljø
- å få vere seg sjølv
- å bli møtt med omsorg og respekt frå medelevar og vaksne
- ein kvardag utan krenkingar (diskriminering, rasisme, uønska seksuell merksemd og nedsetjande språkbruk)
- å ha sine eigendelar i fred

ELEVEN SINE PLIKTER:

- følgje reglane som står i ordensreglementet og IT-reglementet (iPaddkontrakta)
- gjere så godt ein kan, vere den beste versjonen av seg sjølv, bidra til trivsel
- vise omsyn og respekt for andre, og andre sine eigedelar
- bidra til arbeidsro i timane og vise respekt for undervisninga
- møte presis og førebudd til timar og avtalar
- hjelpe til å halde skulen sitt område reint og ryddig
- rette seg etter beskjed/påtale frå tilsett

GOD ORDEN betyr å

- gjere - og levere - arbeidet til rett tid, møte presist og halde avtalar
- ta med alt av utstyr ein treng for å ta del i undervisninga og vere budd til skulearbeidet
- halde orden på eige utstyr (til dømes opplada iPad, leggje iPad i sekk i friminutt, rydde vekk bøker når timen er slutt, ta med gymutstyr).

GOD ÅTFERD betyr å

- vise gjennom ord og handling at ein har respekt for alle i skulemiljøet
- ta imot beskjedar og følgje desse
- ikkje gjere skade på skulen eller andre sine eigedelar
- bruke ord som ikkje støyter eller sårar andre
- hjelpe, framsnakke og sjå det gode i kvarandre
- inkludere, samarbeide, ta vare på kvarandre (fellesskapet)

ÅTFERD SOM IKKJE ER AKSEPTERT

- å røyke, snuse, vape (el-sigarett) eller bruke andre rusmiddel på skulen
- å springe, herje, sloss i klasserom og/eller i fellesareal
- å mobbe, truge og/eller bruke diskriminerande språk retta mot andre
- å ta bilete, filme, gjere lydopptak av nokon utan å be om samtykke
- å ha lyd på mobilane når dei ligg i mobilhotellet
- å ta med snop, brus, energidrikk eller liknande inn på skulen sitt område
- å ta med kniv, våpen eller andre farlege gjenstandar på skulen
- å fuske ved prøver, tentamenar eller liknande
- å bruke sykkel, el-sykkel, skateboard eller anna utstyr på hjul inne på skulen sitt område i skuletida

AKTUELLE REAKSJONAR OM ELEVANE BRYT REGLANE

- påtale frå ein tilsett
- samtale med kontaktlærar og/eller avdelingsleiar/rektor
- melding til heimen
- inndraging av godteri/brus, vape (el-sigarett) og andre rusmiddel, mobil, iPad, våpen og andre farlege/ulovlege gjenstandar
- bortvising frå undervisninga og/eller fellesareal
- attsitjing
- hjelpe til å reparere eigeelar ein har øydelagt
- økonomisk erstatte/kompensere øydelagde eigeदार
- nedsett karakter i orden/åtfærd
- bortvising frå skulen inntil tre dagar (basert på alvorlegheitgrad). Rektor gjer evt. vedtak.

SKADER/HÆRVERK/ANDRE BEVISSTE, ULOVLEGE HANDLINGAR

Bevisste handlingar som fører til skader på individuelle eigeदार/skulen sine eigeदार, kan føre til erstatningskrav (inntil 5000kr per gong/per skade).

Sjå lov om skadeerstatning her: (<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1969-06-13-26>). Elevar kan også måtte hjelpe til med å reparere eventuelle skader som dei har forårsaka.

Bevisst utløyising av brannalarm (til dømes med vilje knuse glasert på brannalarm, vape/røyke slik det kjem røyk i brannvarslar) vil medføre at den/dei ansvarlege må dekke eventuelle kostnader knytt til unødvendig utrykking av branntenesta. Her gjeld eigen sum.

BRUK AV IT-UTSTYR OG INTERNETT

- elevane skal forhalde seg til innhaldet i iPad-kontrakta
- elevane skal ikkje nytte sosiale media i skuletida utan samtykke frå lærar
- elevane skal ikkje ta bilete, film eller lydopptak av andre med iPad eller mobil utan samtykke
- elevane skal ikkje bruke iPad i friminutta utan avtale med lærar elevane skal følge dei generelle reglane når det gjeld Nettvett (<https://nettvett.no/nettvettreglene/>)

STRAFFBARE FORHOLD

Straffbare forhold kan bli meldt til Politiet som eit førebyggjande hjelpetiltak (basert på alvorlegheitsgrad). Dei fleste elevane som går på ungdomsskulen er under den kriminelle lågaldert (15 år).

Døme på straffbare forhold kan vere:

- Mobbing

Straffeloven §266:

https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2005-05-20-28/KAPITTEL_2-9#%C2%A7251

- Deling av bilete, film og anna utan samtykke

Straffeloven §267a og b:

https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2005-05-20-28/KAPITTEL_2-9#%C2%A7251

- Trugslar og vald

Straffeloven §266 og §266a:

https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2005-05-20-28/KAPITTEL_2-9#%C2%A7251

- Rusmiddel (narkotika, alkohol, snus, vape (el-sigarettar) og doping)

Straffeloven §231 og §234:

https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2005-05-20-28/KAPITTEL_2-8#%C2%A7232

Røykeloven (røyk, snus, vape/el-sigarett)

<https://www.helsedirektoratet.no/tema/tobakk-royk-og-snus/roykeloven-regler-om-roykeforbud>

Fråværsføring

I 2009 bestemte departementet at fråvær for ungdomsskuletida skal først på vitnemålet. Reglane er slik at foreldra kan be om frådrag for inntil 10 dagar pr. skuleår. Ein kan berre få frådrag for fråvær som strekker seg ut over tre dagar. Frå og med den fjerde dagen kan ein be om at fråværet ikkje vert tatt med. Dette gjeld berre fråvær der det er innvilga permisjon, eller der det ligg føre sjukmelding frå lege.

Arbeid mot mobbing

Skulen har ein tiltaksplan mot mobbing og krenkande åtfærd. Planen er tredelt:

Førebygging, avdekking, tiltak. Elevar, foreldre og tilsette forpliktar seg til felles innsats mot mobbing.

I tillegg forpliktar kvar elev seg gjennom ordensreglementet til å bidra til ein mobbefri skule.

Ein del av dette tiltaket er at heimen og eleven har ein grundig samtale om mobbing og ordensreglementet.

Det er viktig at heimen gjennomfører dette.

Dersom ein heime blir kjent med mobbesaker, må ein ta kontakt med skulen.

Sanksjonsreglar

for rusmiddel, snøballkasting, forseintkoming og skulking.

Rusmiddel

Alle grunnskular er pålagde å ha reglar som har forbod mot rusmiddel i skuletida. Brot på denne regelen vert straffa med brev heim og attsitting når dette gjentek seg, og merknad.

Snøballkasting

Vi har eit rimeleg firkanta forbod mot snøballkasting på skuleplassen. Dette er for å kunne ferdast trygt ute. Brot på denne regelen vert straffa med attsitting og merknad.

Forseintkoming

Elevar som kjem for seint til skulen eller til timar utover dagen vert registrerte. Etter eit fast system vert det sendt melding heim når dette vert eit problem. Elevane vert straffa med attsitting når det gjentek seg og merknad.

Bekymring ved stort fråvær eller skulking

Når vi oppdagar at elevar skulkar, tek vi kontakt med foreldra.

Blir det gjentatt skulking, vil kontaktlærer kople inn skulen si sosialpedagogiske teneste og eventuelt helsesøster, PPT og/eller barnevern for å hjelpe eleven til å få ein slutt på det.

Dersom det ulovlege fråveret er svært omfattande, er vi pålagde å melde frå til kommunen om at eleven ikkje oppfyller skuleplikta si.



Reglar for permisjon frå den pliktige opplæringa

Vedtatt i HU-sak 03/03

Opplæringslova lyder slik:

§ 2-11. Permisjon frå den pliktige opplæringa
Når det er forsvarleg, kan kommunen etter søknad gi den enkelte eleven permisjon i inntil to veker. Elevar som høyrer til eit trussamfunn utanfor Den norske kyrkja, har etter søknad rett til å vere borte frå skolen dei dagane trussamfunnet deira har helgedag. Det er eit vilkår for retten at foreldra sørgjer for nødvendig undervisning i permisjonstida, slik at eleven kan følgje med i den allmenne undervisninga etter at permisjonstida er ute.

Grunnskuleopplæringa er ei plikt, jf opplæringslova § 2-1, og kommunen gir forskrifter om skule- og feriedagar i skuleåret for elevane. Opplæringa

skal strekkje seg over minst 38 skuleveker innanfor ei ramme på 45 samanhengande veker i året. Foreldra må gjere det dei kan for å leggje feriar o.l. innanfor skuleferiane og avgrense spørsmål om fri for elevane til det absolutt nødvendige. Det er eit vilkår at føresette tar over ansvaret for opplæringa i permisjonstida.



Saksgang ved permisjonssøknader

1. Foreldre/føresette skal sende skriftleg søknad om permisjon til avdelingsleiar/rektor med grunnngjeving, tidsrom permisjonen skal gjelde for, korleis opplæringa skal organiserast og kven som skal stå for opplæringa i permisjonstida. Søknad om permisjon for meir enn ei veke må sendast seinast 6 veker før avreise, på grunn av saksbehandlingstid og klagefrist, jf. forvaltningslova.
2. Kontaktlærar kan gi permisjon inntil to dagar og avd.leiar/rektor kan gi permisjon inntil 2 veker. Det er ikkje høve til å gje permisjon utover 2 veker, jf § 2-11 i opplæringslova.
3. Førsetnaden for å innvilge permisjon er at det er forsvarleg å gi eleven fri frå opplæringa. Om permisjon er forsvarleg eller ikkje, må avgjerast ut frå omsynet til eleven si opplæring. Kravet om at kvar enkelt permisjon skal vere forsvarleg, vil kunne setje grenser om eleven kan få permisjon.
4. Det er eit vilkår for retten at foreldra sørgjer for nødvendig undervisning i permisjonstida, slik at eleven kan følgje med i den allmenne undervisninga etter at permisjonstida er ute. Den opplæringa eleven mister i samband med permisjon, har eleven ikkje rett til å få erstatta.
6. Permisjonssøknader er enkeltvedtak etter forvaltningslova § 2.

Gratisprinsippet

Gjennom vedtak i Stortinget 19. desember 2002 vart gratisprinsippet i grunnskulen innskjerpa. Opplæringslova § 2-15 har no følgjande ordlyd:

"Elevane har rett til gratis grunnskuleopplæring. Kommunen kan ikkje krevje at elevane dekkjer utgifter i samband med grunnskuleopplæringa, til dømes utgifter til undervisningsmateriell, transport i skuletida, leirskoleopphald, ekskursjonar eller andre turar som er ein del av grunnskuleopplæringa."

I rundskriv frå departementet går det klart fram at det ikkje kan krevjast betaling for aktivitetar innanfor skuletida. Det vert likevel sagt at skulane kan ta imot gåver eller andre bidrag.

Dersom foreldre vel å bidra til ei **klassekasse**, må dette vere på frivillig basis. Slike klassekasser må vere foreldrestyrte. Vi har sett at det er



positivt for aktiviteten i klassen dersom ein vel å opprette ei slik klassekasse. Dette bør

drøftast på første foreldremøte i 8.klasse. Gjennom slike klassekasser kan ein til dømes ha midlar til mindre ekskursjonar.

Tidlegare år var det vanleg med lengre og ofte kostbare turar i 10.klasse. Ein streva med å halde seg innanfor gratisprinsippet. Etter handsaming i Giske kommunestyre 19.10.2010 gjeld følgjande:

Ekskursjonar og skuleturar skal gjennomførast i samsvar med gratisprinsippet. Skulane utarbeider retningsliner for slike turar i samarbeid med FAU.

Kommunestyret vedtok våren 2023 nye retningsliner for skuleturar i 10.klasse. Retningslinjene skal følgje Udir sine prinsipp om innhald, gjennomføring og ansvarsfordeling.

Plan for helsearbeidet på skulen 2023/24

Skulehelsetenesta i Giske kommune er lagt opp etter føreskrift av 11/11/2019 om kommunen si helsefremjande og førebyggjande arbeid i helsestasjon og skulehelseteneste.

Helsesjukepleiar har ansvaret for skulehelsetenesta og kommuneoverlegen er medisinsk fagleg rådgivar.

Målet for tenesta er å fremje helse og utvikling i oppvekståra. Den skal i samarbeid med heim, skule og hjelpeapparatet ,arbeide for å identifisere og løyse dei helseproblem som spesielt knyt seg til skuleeleven sin situasjon. Skulehelsetenesta skal arbeide for at elevane går ut av skulen med ei så god helse som mogleg og med ei åtferd som påverkar helse , livsstil og livskvalitet i ei positiv retning.

Sonia Lovise Røsvik Urkedal og Ann Elisabeth Roaldsnes har ansvaret for skulehelsetenesta på Giske ungdomsskule.

Dei blir å treffe på skulen måndag, torsdag og fredager 08.30 -15.00

Foreldre, elevar og lærarar kan ta kontakt,

8. klasse	Individuelt	Helsesamtale og vekstmåling	Helsesjukepleiar
9. klasse	Gruppe	Undervisning 2t x 3 psykisk helse i skulen	Helsesjukepleiar
10 klasse	Gruppe/individuelt	Undervisning SOS og prevensjon, Vaksinasjon .	Helsesjukepleiar

Alle klasser	Individuelt/ grupper	Oppfølging av enkeltelever. Ansvarsgruppe Trefftid på skulen Tilbod om BAPP, PIS og Mestringsgruppe til elever. Tilbod om foreldrerettleiingsgrupper som Cos P og ICDP til foreldre.	Helsesjukepleiar
--------------	----------------------	---	------------------

Andre aktuelle tema kan undervisast i ved ønskje frå lærar, elevar og foreldre.



Skulerute skuleåret 23/24 for Giske ungdomsskule

Månad	Merknad: Skulen har lagt inn utvida undervisningstid kvar veke. Dette vert kompensert med avspasering for elevane og ekstra planleggingsdagar for lærarane.
August	<ul style="list-style-type: none"> Skulestart for elevane måndag 21.
September	<ul style="list-style-type: none">
Oktober	<ul style="list-style-type: none"> Avspasering for elevane fredag 6. Planleggingsdag for lærarane. Hautferie veke 41: måndag 9. – fredag 13.
November	<ul style="list-style-type: none"> Avspasering for elevane måndag 27. Planleggingsdag for lærarane.
Desember	<ul style="list-style-type: none"> Siste skuledag onsdag 20.
Januar	<ul style="list-style-type: none"> Første skuledag for elevane onsdag 3 Studiedag for lærarane tysdag 2. Avspasering for elevane onsdag 17. Planleggingsdag for lærarane.
Februar	<ul style="list-style-type: none"> Vinterferie veke 8: måndag 19. – fredag 23
Mars	<ul style="list-style-type: none"> Påskeferie 25.03-01.04. Mogleg det kjem planleggingsdagar her.
April	<ul style="list-style-type: none"> Første dag etter påskeferie tysdag 2.
Mai	<ul style="list-style-type: none"> Avspasering for elevane torsdag 16. Planleggingsdag for lærarane. Elevfri dag fredag 10.
Juni	<ul style="list-style-type: none"> Siste skuledag fredag 21.

Kontakt skulen:

	Privat	e-post
Sentralbord:	41702308	Eline.berg.roaldsnes@giske.kommune.no
Rektor:	40846508	britt.leira.heimdal@giske.kommune.no
Ass. rektor	47264342	reidunn.bjorg.otterdal@giske.kommune.no
Avd.leiar 8.trinn	91643203	Solvar.vage.lillesol@giske.kommune.no
Avd.leiar 9.trinn	99017217	erlend.giskodegard.holm@giske.kommune.no
Avd.leiar 10.trinn	92041154	sindre.havard.tomren@giske.kommune.no
Rådgjevar:	48890815	leif.arne.hausken@giske.kommune.no
Miljøterapeut	41418899	therese.stokke@giske.kommune.no
Miljøterapeut	93453309	Ingrid.orskog.sperre@giske.kommune.no
Helsesjukepleiar	97018059	Sonia.Lovise.Rosvik.Urkedal@giske.kommune.no

MEIR INFORMASJON OM DET SOM SKJER I/PÅ SKULEN VÅR:

Skulen si heimeside: <https://www.giske.kommune.no/giske-ungdomsskule/>

Facebook: Søk etter Giske ungdomsskule

Instagram: Søk etter Giske ungdomsskule

